

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dykkar ref.:

«REF»

Dato: **04.03.2024**

Saksnr.: **2023/9163**

Dok.nr.: **6**

Sakshandsamar:

Øyvind Malmin

Forslag om freding av bedehuset Bethel på Judaberg, gards- og bruksnr. 126/5/33/43 i Stavanger kommune - offentlig høyring



Bedehuset Bethel på Judaberg. Foto: Tor Øyvind Skeiseid.

Vi viser til tidlegare utsendt melding om oppstart av freding datert 30. juni 2023 av bedehuset Bethel på Judaberg. På grunnlag av dette foreslår Rogaland fylkeskommune å frede bedehuset Bethel, gnr. 126/bnr. 5/33/43 i Stavanger kommune.

Vi ber om at de sender eventuelle merknader til forslaget til Rogaland fylkeskommune innan 30. april 2024.

Forslag til vedtak om freding

Med heimel i lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 §§ 15 og 19 foreslår Rogaland fylkeskommune freding av bedehuset Bethel, 126/5/33/43, i Stavanger kommune.

Formålet med fredinga

Formålet med fredinga etter kulturminnelova § 15

Formålet med fredinga er å sikre og bevare bedehuset Bethel som eit kulturhistorisk og arkitektonisk viktig døme på bedehus som blei oppført i Noreg frå midten av 1800-talet. Dei fyrste bedehusa i Noreg blei bygde i 1840-åra i Ryfylke i Rogaland. Bedehusa var knytte til rørsler innan lekmannskristendommen, som blei viktige i Noreg, frå Hans Nielsen Hauge fekk sitt religiøse kall i 1796. Frå midten av 1800-talet blei det oppført bedehus i heile landet, men tyngdepunktet var på Sørvestlandet. Bedehuset Bethel på Judaberg stod ferdig i 1878 og blei bygd på oppfordring frå Vestlandets store vekkingspredikant, presten Lars Oftedal frå Stavanger. Bethel er enno i bruk som bedehus og har frå oppføringa vore ein viktig samlingsplass for kristenfolket på Finnøy og i Ryfylke. Lekmannskristendomen, bedehusrørsla og vekkingstida har sett viktige avtrykk i den nasjonale historia og Bethel står som eit symbol på dette.

Fredinga skal medverke til å:

- sikre at kulturhistoriske og arkitektoniske verdiar ved kulturminnet blir ivareteke
- sikre kulturminnet som kjelde til kunnskap om bedehusrørsla i Noreg si historie. Bedehusrørsla og lekmannskristendommen har vore viktige i Noreg, spesielt på Sørvestlandet. Fredinga av Bethel vil bidra til ivareta denne historia.
- ivareta opphavlege og eldre konstruksjonar, og seinare tilføyingar til kulturminnet, som uttrykk for ei historisk utvikling
- ivareta eksteriøret til kulturminnet med hovudstruktur og detaljering, opphavlege/eldre vindauge og dører, materialbruk og overflater på fasadane
- ivareta interiøret til kulturminnet med rominndeling, bygningsdelar og overflater som er av kulturhistorisk og/eller arkitektonisk interesse
- ivareta fast inventar som ein integrert del av byggverket
- ivareta kulturminnet knytt til vekkingspredikanten Lars Oftedal

Formålet med fredinga etter kulturminnelova § 19

Fredinga av området rundt Bethel skal medverke til å:

- ivareta verknaden av kulturminnet i miljøet det ligg i

Omfanget av fredinga

Fredinga omfattar kulturminnet og området som er lista opp og avmerkt på kartet under:





Fredinga etter kulturminnelova § 15 omfattar:

Namn på objekt	Kulturminne-ID	Gnr./bnr.	Bygningsnummer/ evt. koordinatar	Omfang (eksteriør og/interiør)
Bethel	283523-1	126/5	172495982	Eksteriør og interiør (delar av interiøret er unnateke freding, jf. planteikning)

Fredinga omfattar ikkje toalettrom i vestibylen (rom 04 og 05) og kjøkken i tilbygg (rom 03), jf. planteikning under.

Dører inn til rom som ikkje blir freda blir omfatta av fredinga. Fredinga omfattar også den originale ytterdøra til Bethel, som i skrivande stund er under restaurering.

Planteikningar



Fredinga etter kulturminnelova § 19 omfattar:

Namn på område	Kulturminne-ID	Gnr./bnr.
Område rundt Bethel	283523-2	126/5/33/43

Føresegner i kulturminnelova som gjeld for det freda kulturminnet

Fredingsføresegna gjeld det freda kulturminnets eksteriør og interiør, og området slik dette er skildra i fredingsomfanget, sjå avsnitt ovanfor. I tillegg til fredingsføresegnene under, gjeld kulturminnelova §§ 15 a, 16, 17, 18, 19 tredje ledd og 21. I tillegg gjeld forskrift om fastsetting av mynde mv. etter kulturminnelova.

Særskilde føresegner etter kulturminnelova § 15

Kulturminnet skal behandlast og forvalta på ein slik måte at dei kulturhistoriske, bygningshistoriske og arkitektoniske verdiane det representerer, blir ivaretekne. Det kan gjevast dispensasjon til å føre kulturminnet tilbake til opphavleg eller tidlegare utsjånad og utforming. Føresetnaden er at tiltaket kan gjerast på eit sikkert, dokumentert grunnlag, eller med utgangspunkt i historiske spor.

Det er ikkje høve til å gjere inngrep i det freda kulturminnet. Med inngrep er det meint:

- a) å rive, flytte, byggje om, endre, forandre materiale eller fargar eller gjere andre endringar som går ut over vanleg vedlikehald
- b) å skifte ut bygningselement/konstruksjonselement/materiale eller forandre overflater
- c) å skade eller fjerne fast inventar

Fredinga skal ikkje vere til hinder for at bygget framleis skal kunne brukast som bedehus. Naudsynte tekniske oppgraderingar denne funksjonen vil trenga i framtida, må løysast på ein måte som ikkje går på kostnad av dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane ved bygningen.

Særskilde føresegner etter kulturminnelova § 19

Innanfor det freda området skal det ikkje skje verksemd som kan motverke føremålet med fredinga.

Med verksemd er det meint:

- a) alle former for nye bygg og anlegg som vil motverke føremålet med fredinga
- b) å rive, flytte, skade, fjerne eller endre vegetasjon som er viktig for opplevinga av det freda kulturminnet i miljøet

- c) etablering og utviding av veg eller parkeringsplass
- d) oppsetjing av gjerde og skilt og andre faste installasjonar
- e) endring av strukturar, konstruksjon eller belegg
- f) planering, utfylling/tildekking, uttak av massar, graving i grunnen, grøfting og andre landskapsinngrep

Dispensasjon frå fredinga

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve i forkant av alle typar tiltak som går ut over vanleg vedlikehald/ordinær skjøtsel, jf. kulturminnelova § 15 a og § 19 tredje ledd. Like eins, oppstår det tvil om kva som blir rekna som vanleg vedlikehald/ordinær skjøtsel, skal fylkeskommunen kontaktast på førehand.

Fylkeskommunen kan i særlege tilfelle gje dispensasjon, evt. på visse vilkår, frå vedtaket om freding for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep.

Tiltak som eigar har fått dispensasjon til, vil i enkelte tilfelle også krevje løyve etter plan- og bygningslova. Eigar må avklare dette med kommunen.

Meir informasjon om dispensasjon, vedlikehald og skjøtsel finst i Riksantikvarens retningslinjer for dispensasjonsbehandling (sjå [Riksantikvarens nettsider](#)).

Tiltak som kan gjennomførast utan dispensasjon frå fredinga

Vanleg vedlikehald/ordinær skjøtsel kan gjennomførast utan dispensasjon frå fredinga:

For byggverk:

Med vanleg vedlikehald er det meint rutinemessig arbeid på byggverk for å halde ved lag tilstanden til kulturminnet, for eksempel overflatebehandling og reparasjon av bygningselement i samsvar med opphavleg eller eksisterande teknikk, utføring og materialbruk.

For grøntområde/uteområde:

Med ordinær skjøtsel er det meint rutinemessig arbeid som er nødvendig for å halde ved lag ein ynskja tilstand, hindre forfall som kjem av slitasje, og som ivaretek føremålet med fredinga. Til dømes klipping av plen, ugrasluking, gjødsling, vedlikehaldsklipping av buskar og tre, tynning av kratt og fjerning av død vegetasjon. Mindre reparasjonar av element i grøntanlegg/uteområde som trappeheller, murar og gjerde er å sjå på som vanleg vedlikehald og skal skje i samsvar med opphavleg eller eksisterande teknikk, utføring og materialbruk.

Grunngjeving for forslag om freding

Rogaland fylkeskommune vurderer at bedehuset Bethel på Judaberg er eit kulturminne av nasjonal verdi på grunn av bygninga si autentisitet, representativitet, arkitektoniske og kulturhistoriske verdi. Bygget representerer ein viktig del av norsk historie, nemleg lekmannskristendommen og korleis han utvikla seg med bedehusrørsla og oppføringa av bedehus frå midten av 1800-talet. Sørvestlandet, og Ryfylke spesielt, var eit av tyngdepunkta i Noreg for bedehusrørsla.

Oppføringa av bedehus har nær samanheng med vekkingspredikantane som reiste rundt i landet på 1800- og 1900-talet. Ein av dei viktigaste predikantane på andre halvdel av 1800-talet var Stavangerpresten Lars Oftedal, som i 1876 tok initiativ til oppføringa av Bethel. Tanken til Oftedal var at Bethel, med sin sentrale plassering nær dampskipskaia på Judaberg, skulle fungere som eit «regionbedehus» for folket i Ryfylke. På 1900-talet var det også fleire vekkingar på Finnøy og Bethel, med «Ryfylkebispens» Sven Foldøen som den mest markante. Foldøen var ein aktiv forkynnar for «Kinamisjonen» på Finnøy frå 1905 og samla ofte 300-400 menneske på Bethel. Den siste store vekkinga i Bethel var i 1964, då predikantane Arne Aano og Willmore Gundersen var aktive.

Riksantikvaren utarbeida i 2015 ein eigen strategi for nye fredingar av nyare tids kulturminne. Målet med strategien var mellom anna at den skulle føre til ein auka representativitet for fredingane i Noreg. I Stortingsmelding nr. 16 «Nye mål i kulturmiljøpolitikken», som kom i 2020 går det fram at fredingsstrategien skal vidareførast. Freding av bedehuset Bethel passar inn i fredingsstrategien i kategorien «fellesskap og demokrati» i undertema 2: hus for religionsutøving/forsamlingshus. I bakgrunnsnotatet for fredingsstrategien står det at hus for religionsutøving/forsamlingshus har vore *... viktig i utviklinga av det sosiale samfunnet og etter kvart velferdssamfunnet og foreiningslivet. Kjernen i bedehusverksemda finn me på Sørvestlandet og i Nord-Noreg.*

Rogaland fylkeskommune vurderer at kulturminne knytt til lekmannskristendommen og bedehusrørsla har fått lita merksemd i vernesamanheng. Freding av bedehuset Bethel vil sørge for at eit viktig kulturminne knytt til denne viktige delen av norsk historie blir tatt vare på. Bethel har høg kunnskapsverdi, identitetsverdi, opplevingsverdi, pedagogisk verdi, estetisk verdi og høg grad av autentisitet.

Område freda etter kulturminnelova § 19

Området rundt Bethel har ikkje eigenverdi som kulturminne og har forandra seg frå Bethel sitt byggjeår. Fylkeskommunen ynskjer på trass av dette å frede området rundt bygget etter § 19. Dette for å bevare området slik det er i dag og sikra Bethel i sine omgjevnader.

Skildring av kulturminnet

Bethel ligg austvendt, i eit landskap som skrånar ned mot fjorden. Bygget ligg i dag sentralt i busetnaden på Judaberg, men då Bethel blei oppført, på slutten av 1800-talet, var det ikkje mange hus på staden. Grunnen til denne plasseringa for Bethel, var nok fyrst og fremst nærleiken til dampskipskaaien på Finnøy. Det Stavangerske Dampskipselskap blei etablert i 1855 og revolusjonerte måten ein kunne frakta varer og menneske på i Ryfylke.

Bakgrunnen for oppføringa av Bethel var dei mange vekkingane som skjedde i Ryfylke på andre halvdel av 1800-talet. Den viktigaste predikanten i området var Stavangerpresten Lars Oftedal, som frå 1874 reiste rundt på Vestlandet og heldt møte. Han var ein svært populær forkynnar og ingen lokale var store nok til møta hans. I 1875 stod hans eige bedehus Bethania ferdig i Stavanger. Allereie året etter blei huset utvida med ein stor ekstra fløy. Oftedal påstod at han kunne presse inn 3500 menneske i dette lokalet og Bethania var i si tid det største forsamlingslokalet i landet.

Ein av stadene Oftedal gjorde sterkast inntrykk var på Finnøy. Oftedal snudde opp ned på folkelivet i bygda, og både unge og gamle vende om til Gud. Trongen for eit bedehus meldte seg og ein begynte å samle inn pengar for bygginga våren 1876. Soknepresten på Finnøy, Peter Johan Norman Meyer, ivra for å byggje eit stort bedehus på Finnøy og blei formann i byggekomiteen. Bygginga føregjekk frå 1876 til 1878, og det blei samstundes samla inn midlar til bygginga. Med ei stor budsjettoverskriding stod Bethel ferdig i 1878, og den 16. september blei det arrangert opningsfest.

Bethel skil seg, i ganske stor grad, frå dei andre bedehusa som blei oppførte i same periode. For det fyrste er det eit relativt stort bedehus. Dei fleste bedehusa som blei bygde på stader som Judaberg, var langt mindre enn Bethel. Men, Judaberg var ein stoppestad for passasjertrafikken med dampskip, og målet var at det skulle kome kristne frå store delar av Ryfylke for å gå på møte på Bethel. For det andre er Bethel bygd i stein, noko som var uvanleg. Årsaka til dette er at ein måtte sprengje vekk ein steinknaus på tomta som bygget skulle oppførast på. I tillegg kan ein ha late seg inspirere av dei mange steinkyrkjene frå mellomalderen i Ryfylke. Hesby kyrkje (Finnøy), Talgje kyrkje (Talgje) og Sørbø kyrkje (Rennesøy) er frå 1100- og 1200-talet og ligg alle i nærleiken av Judaberg. Byggekomiteen understreker også det symbolske ved Bethel; «Huset bygges af Sten og skal derved vidne for kommende Slægter om Guds-Ordet og Guds-Rigets Bestandighed».

For ytterlegare informasjon om kulturminnet, sjå den vedlagde fredingsdokumentasjonen.

Tilstand

Det er gjennomført ei tilstandsregistrering av kulturminnet freda etter § 15, og på vedtakstidspunktet er Bethel vurdert til å ha tilstandsgrad 2 (Moderat tiltaksbehov). Tilstandsregistreringa er utført den 3. februar 2023 og er vedlagt i vedlegg 2 (Tilstandsregistrering Bethel).

Eigedomsforhold

Det er valt eit styre for Bethel som forvaltar bygget. Røysterett til styret har alle vedkjennande kristne menn og kvinner på Finnøy.

Eigedomen som bygningen står på, gards- og bruksnummer 126/5, er eigd av Coop Finnøy SA.

Området som er foreslått freda etter § 19 omfattar delar av eigedomane med gards- og bruksnummer 126/5, 126/33 og 126/43 i Stavanger. Gards- og bruksnummer 126/5 er eigd av Coop Finnøy SA og eigedomane med gards- og bruksnummer 126/33 og 126/43 er eigd av Stavanger kommune.

Riksantikvaren sitt mynde

Myndet til å gjere fredingsvedtak etter kulturminnelova §§ 15 og 19 er delegert frå Klima- og miljødepartementet til Riksantikvaren, jf. forskrift om fastsetting av mynde mv. etter kulturminnelova § 2 (4).

Fredinga gjerast etter særskilde reglar om saksbehandling jf. kulturminnelova § 22.

Forholdet til anna lovverk

Naturmangfaldlova

Som ein del av saksutgreiinga skal det vurderast om vedtaket er av slik karakter at det kan utgjere risiko for skade på naturmangfaldet. Dette følgjer av naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7.

Det er vurdert at fredinga ikkje vil ha negative verknader for naturmangfaldet.

Plan- og bygningslova

Bethel ligg innafor reguleringsplanen for Judaberg sentrum, som blei vedteken i Finnøy kommunestyre den 22. juni 2010 (planID: 081-2010_JUDA3). I planen er Bethel regulert til bevaring. Området rundt bygninga er regulert til offentleg friområde.

Praktisk informasjon

Kontaktinformasjon

Det er Rogaland fylkeskommune som har ansvaret for forvaltninga av freda byggverk, anlegg og område. Fylkeskommunen svarer også på spørsmål om fredinga og handsamar søknader om dispensasjonar og tilskot. Rogaland fylkeskommune har postadresse Postboks 130, 4001 Stavanger. Telefonnummer er 51 51 66 00 og e-postadresse er firmapost@rogfk.no.

Ansvar for vedlikehald

Eigar eller brukar har ansvaret for vedlikehald av det freda kulturminnet og det freda området.

Økonomiske tilskot

Det er høve til å søkje fylkeskommunen om tilskot til meirkostnader som følge av krav til antikvarisk utføring ved sikring, istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av freda kulturminne. Meir informasjon om tilskot kan ein finne på Riksantikvarens nettsider eller ved å kontakte fylkeskommunen.

Bakgrunnen for fredingssaka

Det har i lang tid vore eit ynskje frå fleire partar at bedehuset Bethel på Judaberg skal fredast. Den viktigaste årsaka til dette er den viktige rolla lekmannskristendomen og bedehusrørsla har spelt i Ryfylke og Rogaland. Ei freding av eit av dei eldste bedehusa som framleis er i bruk, vil vere med på å framheve denne sentrale delen av norsk historie. I 2007 sendte fylkeskommunen eit brev til Riksantikvaren og bad om deira vurdering av bygget. I svaret, datert 16. januar 2007, står det at; *Riksantikvaren anser Bethel for å være av nasjonal interesse og i fredningsklasse og vil støtte at det igangsettes en fredning av bygningen.*

Av ulike grunnar, blant anna med omsyn til kapasitet, har ein ikkje gått i gang med fredingssak før i 2023. Rogaland fylkeskommune tok kontakt med styret i Bethel og opplyste om at ein no ville frede bygget. Fylkeskommunen tok også kontakt med Riksantikvaren og dei gav, i brev av 19. juni 2023, si tilslutning til oppstart av fredingssak.

Sakshistorikk

Kontakt med eigar i fredingssaka

Styret for Bethel har sidan 2006/2007 vore klar over at fylkeskommunen og Riksantikvaren meiner at Bethel er ein fredingskandidat. Fylkeskommunen opplever at styret har vore positiv til freding og at ein har hatt god dialog undervegs i prosessen.

Melding om oppstart av fredingssak

Styret i Bethel, grunneigarar og kommunen fekk i brev, av 30. juni 2023, frå Rogaland fylkeskommune melding om oppstart av fredingssak, jf. kulturminnelova § 22 nr. 1. Melding om oppstart blei samtidig kunngjord i avisene Øyposten og Stavanger Aftenblad.

Det blei gjeve ein frist til 1. september 2023 til å komme med merknader.

Det kom ikkje inn merknader til melding om oppstart innan fristen.

Høyring

Rogaland fylkeskommune har utforma eit fredingsforslag, som i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2 blir sendt på offentleg ettersyn og til høyring til partar dette gjeld. Samtidig blir det kunngjort i avisene Øyposten, Stavanger Aftenblad og Norsk lysingsblad at fredingsforslaget var lagt ut til offentleg ettersyn i Stavanger kommune i Rogaland.

Etter høyringa omarbeidast fredingsforslaget på bakgrunn av innspel og blir lagt fram til politisk behandling i Stavanger kommune, jf. kulturminnelova § 22 nr. 3. Høyringsfråsegnene og behandlinga kommunen har gjort, vil bli vurdert og tekne inn i saka. Det er Riksantikvaren som gjer vedtak om freding. Fredingsvedtaket kan påklagast.

Frist for uttale er 30. april 2024.

Helsing
Jan G. Auestad
fylkeskonservator

Øyvind Malmin
rådgjevar

Kopi til:

RYFYLKEMUSEET
FORTIDSMINNEFORENINGEN
FORTIDSMINNEFORENINGEN RYFYLKE LOKALLAG
RIKSANTIKVAREN
STATSFORVALTAREN I ROGALAND
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET
DEN NORSKE KYRKJE
FINNØY HISTORIELAG

Vedlegg:

Vedlegg 1: Dokumentasjonsvedlegg Bethel

Vedlegg 2: Tilstandsregistrering Bethel (datert 03.02.23)

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.